




1050 OSLO 1950



DET NORSKE TEATRET





*Skjult opplegg i lydisolert tak hos Ingwald Nielsen, Oslo.*



FREDRIKSTAD

TELEFON: KONTORET 2027 — FABRIKKEN 3520

REPRESENTANT:

**GERH. M. SCHIVE A.S**

RÅDHUSGT. 8, OSLO — TELEFON 41 66 75 - 41 63 57



b15 g 1136 22



SILKEHUSET

ROLF HALVORSEN & CO

Hilser Pedersen





## *Syco blomsterskåler*

— det beste for planten og det pæneste i vinduet

Et **AWF** produkt.

**ARNOLD WIIGS FABRIKKER - HALDEN**



Festframvisning til Oslo-jubiléet

HENRIK IBSEN:

„Kongs-Emnerne”

Regi:

AGNES MOWINCKEL

«Her kommer ikke noen bedre  
fra bygdene nutildags» sier  
Ibsen i Peer Gynt. — Det samme  
vil jeg idag si om Allers,  
hele Norges ukeblad.

Hilsen Pedersen








*Kåper*

*Drakter*

*Kjoler*



**O.I.Nilsen**  
GRENSEN • 17






Henrik Ibsen

(Då han skreiv „Kongs-Emnerne”)



Mittet



ODD-STEIN ANDERSSEN

## „Hjemme i Oslo”

Med illustrasjoner av CHRIX DAHL

Dette er nok en bok om å være fra Oslo, Harald Hardråde og Henrik Wergelands hovedstad, men først og fremst er det en bok om å være fra St. Hanshaugen, Nils Collet Vogts og Sigrid Undseths bydel. I dette stemningsstreiftog gjennom Oslo fra Baglerruinene i Gamlebyen til russepikene som vasser i Svanefontenen utenfor Rådhuset, møter vi en virkelighetsnær og tradisjonsstolt byfølelse som er ny for oss, en byfølelse som springer ut både av hjemstavnsrett og hovedstadsbevissthet. Det er en lyrisk prosa som taler til alle Oslo-folk, men like meget vender den seg til hele landet.

## „Hjemme i Oslo”

er en bok om Oslo som rikets og alle nordmenns by. — Hft. 7,20.





## *Agnes Mowinckel*

Agnes Mowinckel er framleis det store og spanande namnet i norsk teater. Det er sikkert ingen norsk instruktør som har sett så mange og djupe merke etter seg i norsk regi på dette hundreåret som ho. Hennar innsats ved Det Norske Teatret byrja i 1923, då ho sette opp Tolstois «Myrkemakti» og vann ein av dei fyrste store sigrane for teatret. Året etter instruerte ho «Dangardsfolket» av Martin Andersen-Nexø, og spela sjølv den kvinnelege hovudrolla. Eit langt sprang ut over den «skigarden» som mange på den tida gjerne ville setja kring Det Norske Teatret, var oppsetjinga av det modernistiske «R.U.R.» av Karel Čapek. Agnes Mowinckel førde prov for at det fanst ikkje miljøskrankar for eit teater som sette seg høge mål, og gjekk inn for dei med fast kunstnarleg vilje. Ingen

(Framhald neste side.)



har gjort så mykje for å styrkje denne viljen ved Det Norske Teatret som Agnes Mowinckel.

Det er kanskje ingen dramatikar som Agnes Mowinckel har vori så sterkt gripen av, og gjort så mykje for å gjera aktuell og levande på teatret, som Henrik Ibsen. Ho har sett opp ei lang rekkje Ibsen-stykke på ymse teater, og spela fleire av dei mest kjende kvinne-rollene hans. Mange vil sikkert minnst hennar «Fru Inger til Østråt» som ei av dei sterkaste teateropplevingane frå 1920-åra.

O. D.



Hans Jacob Nilsen

Besøk

*Excelsior*


SKOTØIMAGASIN

19      GRENSEN      19

ETABL. 1910



## Henrik Rytter.



*Henrik Rytter*, som no har sett om «Kongs-Emnerne» til nynorsk, er eit kjent namn for alle som har gjesta Det Norske Teatret gjennom åra. Sidan 1917 har teatret ført fram skodespel av han. Frå 1924—30 var han litterær rådgjevar og fast omsetjar ved teatret. Dette arbeidet heldt han seinare fram i den store Shakespeare-omsetjinga til nynorsk, som kom ut i 1932, og fekk sterke lovord av ei rekkje kjennarar av den engelske storskalden. Seinare har han arbeidd med Dantes storverk, «Divina Commedia», som no ligg ferdig til utgjeving.

Henrik Rytters siste arbeid for teatret var den meisterlege omsetjinga av «Peer Gynt» i 1948.



A. K. Nielsen



Arne Walentin



## Ibsen og «Kongs-Emnerne»

«Kongs-emnerne» er eit historisk stykke. Men Ibsen skreiv det ikkje for di han ville lære oss historie. Han hadde ei *meining* med det. Kanskje ei dobbel *meining*. Det føddest av ein strid i hans eiga sjel. Og av ein strid i folkelivet.

1850-åra hadde vori så fylte av nasjonal romantikk, av draum om all den store førtida og lovsong over den gilde gamle fedre-arven. Ibsen sjølv hadde vori med på dette, med dikt og med skodespel. Men både i han og i andre tok det til å vakne ein trong til dåd i staden for draum. Da han skulle skrive songen til festen for fedremинnet i januar 1863, da vart songen ei varing mot å leva på dei gamle minna. No ropte han:

Nei, *udad, fremad* vil vi se,  
Tilhavs i Dagens Bulder!

Og «Kongs-Emnerne» vart ei maning til nasjonal reising og gjerning. Det lyfte fram or historia ein «kongs-tanke» som det stod til dei levande ættene å gjera til sanning: eit *norsk folk* med tru på livs-evna og framtida si.

Men under dette låg det noko djupt personleg hos Ibsen sjølv. Likså vel som det norske folket hadde han òg stått i strid med seg sjølv.


Han hadde kjent mektige evner i seg, han hadde drøymt om å stige fram som ein hovding for folket sitt. Men han tykte aldri han hadde funni full utløysing for evnene sine, og han hadde vorti fylt av tvil på dei. Han tykte han øyde bort krafta si på å dikte berre slikt som mugen lika, — at han gjekk og berre laga seg etter andre. Aldri vart han seg sjølv.

Nett medan han som verst plaga seg med dette, hende det at han vart beden om å fylgje med på ei songarferd til Bergen i midsum-artida i 1863. Og det vart i sanning ei festferd for han. Han hørde ungdoms mod og tru ikring seg. Og så møtte han Bjørnstjerne Bjørnson.

Bjørnson hadde nyss komi heim ifrå utlandet, og no helsa han

(Framhald side 24.)





Lars Tvinde



Per Sunderland

## Enestående i musikalsk faglitteratur her i landet

Musikkhistorie, kontrapunkt, harmonilære og formklære kombinert på en morsom og lettlest måte.

En bok av like stor interesse for fagmusikere som for musikkstuderende og for øvrig enhver som overhodet er interessert i kunst og kultur — —

FOR

ved siden av en solid innføring i musikkteori for de som ønsker det, tar boken opp til debatt kulturproblemer av generell interesse. EN BOK SOM VIL VEKKE DISKUSJON. En bok De ikke kan unngå å ta standpunkt til!

**JON MEDBØE:**

## OM FORMEN I MUSIKKEN

Et revolusjonerende pedagogisk verk utgitt av *Universitetets Studentkontor*.

Til salgs hos alle musikk- og bokhandlere eller direkte fra forlaget.



# URD

*leses av hele familien*

Ekspedisjon:

Ø. Slottsgt. 21, Oslo. T. 42 14 02

*En god ide*

som gave til slekt og venner.

Presangkort . . . . . kr. 13,— pr. år  
Danmark og Sverige . . . . » 13,60 » »  
Øvrige utland . . . . . » 18,— » »



Edvard Drabløs



Øyvind Øyen



Vi skifter skala på Deres apparat  
Alt i radio og elektrisk utstyr

ING. ERIK THOMASSEN  $\frac{1}{2}$

Akersgaten 32 (ved siden av apoteket Kronen) Tlf. 33 30 27





NOREGS BOKLAG

*Bokhandel - Papirhandel*

Bøndernes hus - Tlf. 331374, 331402



*Pauline Hall*

*Sommerens nye modeller  
i damehatter*


*ankommet*

**Anna Skullerud**



Storgaten 2



velg rett -  
kjøp



**DIVANETTE**  
Sovesofa



**ERIKSEN**

MØBELFORRETNING A/S

MØLLERGT. 43

(VIS A VIS DEN ENGELSKKE KIRKE)

**MERK ADRESSEN!**



## «Kongs-Emnerne» på teatret.

Kongs-Emnerne hadde urpremiere på Christiania Theater 17. januar 1864. Stykket hadde komi i bokhandelen i oktober føreåt, og forfattaren hadde fått heile 150 spd. i honorar av bokreiaren Johan Dahl. Dramaet fekk uventa god mottaking av professor Monrad og andre heime i Noreg, medan den førande danske kritikaren Clemens Petersen hadde mykje tvil og innvendingar, m. a.: at det var udramatisk. Dette gjorde sitt til at stykket ikkje kom opp i Danmark før ein halv mannsalder seinare.

Denne framsyninga skal ikkje ha vori serløg god. Dansken Wolf spela hertug Skule, — betre enn noko han hadde spela før, vart det sagt, — og ein annan danske, Peter Nilsen, spela bisp Nikolas på ein verdig men turr måte. Av dei unge norske skodespelarane var Sigvard Gundersen i elden som kong Håkon, og Laura Svendsen (seinare Gundersen) som Margrete. Det heiter i historia til Christiania Theater: «Stykket blev modtaget med meget Bifald, og efter Forestillingens slutning fulgte en Fremkaldelse af Digteren, som da han viste seg, modtoges med stormende Applaus.»

Frå framsyninga på Det kongelige Theater i 1871 er det fortalt at instruktøren, Johanne Louise Heiberg, strauk replikken om Skule som «Guds stedbarn på jorden» med den grunngeving at «Gud har ingen stedbarn.»

Nokre år seinare kom den fyrste tyske framføringa av stykket hos den radikale teatermannen hertug Georg i Meiningen, og året etter i Berlin. Men her fekk det heller hard medfart, og sameleis etter framføringa på Schiller-Theater i Berlin i 1901. Men Max Reinhardt vann ein av dei fyrste store sigrane sine med det tre år seinare.

Her i landet har «Kongs-Emnerne» alltid høyrte til det fremste Ibsen-repertoaret, og har gått mange gonger på dei fleste norske teater.

*A.s Polyfoto* TEATRETS FOTOGRAF

Stortingsgaten 18, Oslo (Casinogården) — Telefon 42 41 22



# „Kongs-Emnerne”

Skodespel i 3 akter (9 bilete) av *Henrik Ibsen*

Til nynorsk ved *Henrik Rytter*

Regi: *AGNES MOWINCKEL*

Dekorasjonar og drakter: *Arne Walentin*

Musikk av *Pauline Hall*

Koreografi: *Signe Hofgaard*

Draktene laga på systova til teatret av *Ragnhild Engebret* og *Dagny Eriksen*

Orkesteret: Kapellmeister *A. K. Nielsen*

## PERSONANE:

Håkon Håkonsson, kongevald av birkebeinane .....	<i>Per Sunderland</i> ✓
Inga frå Varteig, mor hans .....	<i>Dagmar Myhrvold</i>
Skule Jarl .....	<i>Lars Tvinde</i>
Fru Ragnhild, kona hans .....	<i>Tordis Maurstad</i>
Sigrid, syster hans .....	<i>Astrid Sommer</i>
Margrete, dotter hans .....	<i>Björg Svendsen</i>
Guttorm Ingeson .....	<i>Toralv Brekketo</i>
Sigurd Ribbung .....	<i>Gisle Straume</i> ✓
Nikolas Arneson, bisp i Oslo .....	<i>Edvard Drabløs</i>

(Framhald neste side.)

Og så --  
går vi på

FRASCATI



FRASCATI

Et hyggelig sted  
Åpent til kl. 1



Dagfinn Bonde, Håkons stallare . . . . .	Øyvind Øyen
Ivar Bodde, ein hirdprest . . . . .	Bjarne Andersen ✓
Vegard Væradal, ein hirdmann . . . . .	Alf Malland
Gregorius Jonsson, lendmann . . . . .	Amund Rydland
Pål Flida, lendmann . . . . .	Ingolf Rogde ✓
Ingebjörg, kona til Andres Skjaldarband..	Eva Sletto
Peter, son hennar, ein ung prest . . . . .	Pål Bucher Skjønberg ✓
Sira Viljam, huskapellan hos bisp Nikolas	Jan Pande-Rolfsen
Meister Sigard frå Brabant, ein lækjar . . . .	Kåre Wicklund
Jatgeir Skald, ein islending . . . . .	Hans Jacob Nilsen ✓
Bård Bratte, ein hovding frå Trøndelag ..	Helge Essmar

Almuge og bymenn i Bergen, Oslo og Nidaros.

Korbrødrar, prestar, munkar og nonner, gjester, hirdmenn og fruer,  
krigsfolk o. s. b.

Hendinga går for seg i fyrste halvta av trettande hundreåret.

1. bilete: Utanfor Kristkyrkja i Bergen
2. » Ei hall i kongsgarden i Bergen
3. » Gildehalla i kongsgarden
4. » Stove i Oslo bispegard
5. » Romet til Margrete i Oslo kongsgard
6. » Gildehalla til kong Skule i Oslo kongsgard
7. » Ei gate i Oslo
8. » I kongsgarden i Nidaros
9. » Klostergarden på Elgesæter

10 min. pause etter 3. og 7. bilete.



Vapress




*Hoffkledd  
er velkledd*



 O. L. HOFFS 

TOSTRUPGÅRDEN  
KARL JOHAN 25





Vi leverer overstoppede møbler, — etter bestilling og etter mål. Håndverksmessig kvalitetsarbeide

# Füturum

KLINGENBERGGATEN 4 (ved siden av «Regnbuen»)

*En bukett vakre melodier!*

*Potpurri over Victor Herberts melodier*

**Ah! Sweet Mystery of life - San Domingo girls -  
I'm falling in love with someone - Italian Street  
Song - Indian summer - Sweethearts**

*spilt av Charles Wildman's konsertorkester*

på

# music

GRAMMOFONPLATE NR. E 19800

Fabrikeres av A.s Nera, Pilestredet 75 c, Oslo

***Tilsalgs hos musikkhandlerne!***





Vi håper som Dem at tidene bedrer seg. I mellomtiden hjelper vi våre kunder så godt det lar seg gjøre med de varer som kan skaffes av  
*gardiner, gulvtepper og møbelstoffer*

S. C.

**BRONN**

Kongensgt. 24



Bjørg Svendsen



Tordis Maurstad

*Fornuftig vedlikehold er lønsamt,  
og gjer heim og arbeidsstad fager og uneleg.*

*Eg har fyrebils einesalet av den mønsterverna TO-taburetten.*



Målarmeister

**A. DOLVE**

Lofthusveien 37, Grefsen — Telefon 37 11 15 - 37 52 55



**GRAND # HOTEL**  
  
**OSLO**

Etter teatret

*Speilsalen eller Grandkjelleren*

**Harald Sæveruds PEER GYNT-MUSIKK**

Fa'ens femsteg — Brureslått — Hotaren — Dovreslått  
Salme mot bøyggen — Blandet selskap — Gravsalme  
Anitra — Solveig

foreligger nå i

*En praktfull dansk His Masters Voice-innspilling  
av Statsradiofoniens Orkester under Erik Tuxen*

3 store konsertplater — pr. plate kr. 8,25

*En 40-siders utgave for piano  
(også inneholdende Pinesalme)*

Hos musikkhandlerne

---

**MUSIKK-HUSET A/S**




**Alle** som er interesserte i arbeidet  
for norsk mål, må lesa landsorganet  
for den norske målreisinga.

## Norsk Tidend

Kjem kvar torsdag.  
10 kroner året.

Nordahl Brunsgate 22 - Tlf. 4140 32  
Postgirokonto 14 425



Toralv Brekketo



Ingolf Rogde

## Nerdrum & Thorkildsen

BOKBINDERI

PARTIARBEIDE — PRIVATARBEIDE

Akersgt. 7 — OSLO — Telefon 420170



SKIPA



1921

# OSLO NYE SPAREBANK

Rosenkrantz gate 9

(Framhald frå side 10.)

Ibsen som stridsbror og ven. Han reint la seg ut om å vinne Ibsen, og når Bjørnson ville vera elskeleg, da var han det som ingen annan. Han stormtok Ibsen. Han tala om at dei to måtte ikkje la seg nytte til åndeleg borgarkrig, men stå trufast saman for eit nytt Noreg. Og han sette opp til føredøme den store samlings-kongen Håkon Håkonsson.

Han kunne ikkje ha sagt noko som gjekk djupare inn i hjarta hos Ibsen. For Ibsen sjølv hadde gått og kjent sine eigne nasjonale krav levandegjorde i denne kongen. I minst fem år hadde han bori på ein tanke om å gjera kong Håkon til hovudmannen i eit drama han ville skrive.

No endeleg — med festjubelen ikring seg, med minnet levande i seg om tru-styrken hos Bjørnson — no kunne han skrive dramaet. No reiste det seg for han som sjølv dramaet om den norske folkesjela. Han kom beint heim til Oslo, og på mindre enn to månader var «Kongs-Emnerne» ferdigskrivi.

Han hadde eit lite stipend av Universitetet til å fara ut og samle folkeseegner. Han tok imot pengane og nytta dei til å leva for medan han skreiv. Og aldri har eit misbrukt stipend komi til slik nytte. For «Kongs-Emnerne» vart det største historiske spelstykket som har

(Framhald side 27.)

Pianoer — Flygler — Orgler

Moderne reparasjonsverksted

**J.W. CAPPELEN**  
PIANOAVDELING AS  
KIRKEGT. 15 TLF. 413660



## Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

*Medlem av Norsk Blomstertelegraf*

*Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser*



Dagmar Myhrvold



Astrid Sommer

## Fiskeredskaper - Sportsutstyr

### JOHANNESSENS ENKE

Etablert 1841

Skippergt. 33 — OSLO — Telefon 33 38 14





Gisle Straume



Bjarne Andersen

*Barnesenger* med håndmalt motiv

*Barnevogner*

*Fru Lyng*

---

CITYPASSASJEN - OSLO — TELEFON 41 34 04 - 42 16 27



vori dikta i Noreg, — på høgd med dei store av Shakespeare og Schiller.

Det vart så stort for di det låg så mykje av Ibsens eige sjeleliv i det, forma ut i sermerkte karakterar. Kong Håkon fekk i seg all trua og sigervissa hos både Bjørnson og Ibsen, — diktaren har sjølv på ei vis sagt oss at kongen er ein part av hans eiga sjel, med di han har fortalt at kongsmora, Inga, har han teikna etter si eiga mor. All tvilen og gruvlinga si samla han i hertug Skule, om han så samstundes kan stå utanfor og som skalden Jatgeir lyse inn i sjelestriden hos Skule. Og jamvel bisp Nikolas er bygd opp av hans eigen reddhug.

Ingen av alle desse tre hovudpersonane i stykket er Ibsen heilt ut. Men til dei alle har han gjevi noko av seg sjølv. Djupast sett er stykket født av sjølvransaking. Vi møter her både det beste og det vondaste i han, i strid og i siger.

Det har gått med «Kongs-Emnerne» som med dei fleste av drama-verka til Ibsen. Samtida feste seg fyrst og fremst ved det som han *ville* med verket sitt. Og han *ville* alltid noko med kvart eitt av dei.

Men ettertida har stendig meir og meir komi til å sjå den djupe psykologien i verka hans. Det var det som var det nye med Ibsen:

(Framhald side 29.)

Det hjelper ikke om De *vinner* —

De kan allikevel *tape!*

Men alle som følger med i

Norske  
**TREKNINGSLISTER** *er sikre*  
(NORSK LOTTERITIDENDE)

Bare kr. 5;— for et helt år.

Abonnement tegnes på postkontorene.



**C. L. AUGUSTSON A.s**

Maridalsvn. 8, Oslo. Tlf. 41 22 73, 41 41 67

*Speilfabrikk og glass-sliperi*

Patent: «Idealspeilet»

*Alt i møbler*

**H. CHRISTENSEN**

MØLLERGT. 24

**P. HELLERUD**

Jacob Aallsgate 14, Oslo - Telefon 44 40 30

**Allslags byggjearbeid**



## *Alt på et sted:*

La oss maske Deres strømper. — Kunststoppe Deres garderobe. — Vi anbefaler forøvrig vårt verksted for reparasjon av allslags lintøy samt dame- og herregarderobe.

Kort  
leveringstid!

### **Elite Kunststopperi og Lappetue**

Bygdøy Allé 62

Tefefon 44 55 90

(Framhald frå side 27.)

han skapte det psykologiske dramaet. Og det er dette som no grip oss mest i «Kongs-Emnerne» òg. Det er ei sjeleskildring som vedkjem oss alle, — så sant vi alle har gått igjennom slik ei bryting mellom tru og tvil.

Dramaet er lagt tilbake sju hundre år i tida. Men striden i det er vår eigen strid.

Bjørnson sa ein gong om det vesle historiske stykket sitt «Mellem slagene» at det burde vori skrivi på landsmål. Ibsen ville visseleg aldri ha sagt det same om «Kongs-Emnerne». Og han var no heller ikkje såleis oppfødd mellom landsfolk som Bjørnson var. Men han hadde sjølv nyleg vori inne på målstrevarske vegar, serleg da han heldt på og ville skrive om spelstykket sitt om Rypa frå Jostedalen til opera, — da var det ikkje langt ifrå landsmål han skreiv. Der les vi straks i opningsorda om

den slått som ljommer langs bjørkelid,  
den låt som lokker i lauv og bar.

Yngre ættleder vil nok finne det naturleg at «Kongs-Emnerne» får ein enda sterkare målbusnad enn Ibsen gav det.

*Halvdan Koht.*


*Er livstrygdinga stor nok?*

## **GJENSIDIGE**


Eldste livstrygde- og livrentelaget i Noreg

Hovudkontor: Karl Johansgate 16, Oslo

*Trygdetakarane sjøve eig laget.*



Eva Sletto



Amund Rydland



## Hotell Bondeheimen

Søndregt. 22 B — Tlf. 28 340

**TRONDHEIM**



## Hotell Bondeheimen

Rosenkrantzgt. 8

\*

## Kaffistovene

Rosenkrantzgt. 8 - Torget 8

Kr. Augustgt. 14 - Storgt. 28

**OSLO**

## Bondeheimen - HAMAR

### Hotell og Kaffistove

Nyoppussa, fine rom. Beste matstad på Hamar.  
Ta inn der når De kjem til Hamar, men ring  
først og ting rom når De meiner De vil bu der.

Telefonar: 1279 — 1749 — 2400



# BØNDERNES BANK

OSLO — SKIEN — STAVANGER — TRONDHEIM

*Alle slags bankforretninger i Norge og utlandet*

## **Kjente Oslo-adresser for landbruket.**

### *Norges Kjøtt- og Fleskesentral*

Schweigaardsgate 2 (Kjøttballen)

Inngang Grønlands torv

Sentralbord 68 35 00

### *Norges Bondelag*

Kronprinsensgt. 9

Sentralbord 33 23 85

### *Norske Meieriers Salgssentral*

Bredgt. 10 Sentralb. 681886



### ***Husmødre!***

Husk at mel må oppbevares *tørt, kjølig og luftig*. Ødelegg ikke store formuer for landet ved dårlig lagring av mel!

# TELTET!

Varmen er kommet og med den begynner tur-livet. Vi har på lager solide, hvite 4-m.telt, 2,25 x 2,25 m (altså større enn vanlige 4-m.telt) av impregnert bomullsduk (ikke gummiert). Høyde 1,80 m, 40 cm rette vegger. Vekt kompl. 3,8 kg. Med skjøtestang og plugg kr. 157,—. Sendes over hele landet.

**HEBAS A/S** — co. Fagerbach, Skippergt. 30 III. T. 42 63 38, Oslo.



*Signe Hofgaard*

*Det Norske Teatret's reklame arrangeres av Repress Reklamebyrå.*

## *Forretningsfolk*

*og andre som vil ha prentesakene  
sine på norsk, vender seg til:*

**JOHANSEN & NIELSEN  
BOKTRYKKERI**

Pilestr. 45b · Telf. 461493, 462692 og 467542

## **Olav Sevelands**

elegante dansesalong  
Drammensvn. 64

Spesielt innredet for større og  
mindre privatpartier — inntil  
20 par.

**Privattimer - Telf. 44 16 16 - 41 26 87**





Fra varemessen i Bergen.

Hvorfor kjøpe dyrt når det beste er billigst.

Spør nærmeste musikkhandel etter  
Gitarer og Mandoliner

Vår siste nyhet er «Kontrabass»

# Leif Hansson

Musikkinstrumentfabrikk - Specialfabrikk for strenger



**Magasin du Nord**<sup>AS</sup>  
OSLO